DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

SIVA - Selskapet for industrivekst SF
Postboks 1253 Sluppen

7462 TRONDHEIM

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	13/52-1 KM	7 MAR 2013

Statsbudsjettet 2013 – Oppdragsbrev

1 Økonomisk ramme stilt til disposisjon for 2013

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) viser til Prop. 1 S (2012–2013) for departementet, Innst. 16 S (2012–2013) og orienteringsbrevet datert 8. oktober 2012.

I dette oppdragsbrevet gjev departementet rammene til SIVA over kap. 552 post 72. Departementet delegerer med dette forvaltninga av denne ramma til SIVA.

Det er utarbeidd eigne retningslinjer for forvaltninga av kap. 552 post 72 (sjå vedlegg 1). Brevet inneheld presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde ovanfor.

Tabell 1. Midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda til SIVA i 2013.

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kroner
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	87 000

Den samla løyvinga på kap. 552 post 72 er 520,2 mill. kroner. Av desse midlane blir 87,0 mill. kr stilte til rådvelde for SIVA. Vedlegg 2 inneheld ei oversikt over rammefordelinga av heile programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk.

2 Felles føringar frå departementa

Ny overordna målstruktur for SIVA vart fastsett gjennom handsaminga av Meld. St. 22 (2011-2012) *Verktøy for vekst – om Innovasjon Norge og SIVA SF*. Denne gjeld frå 2013.

Postadresse: Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo
Kontoradresse: Akersg. 59, Telefon: 22 24 90 90, Telefaks: 22 24 27 40
Org.nr.: 972 417 858

Formål

SIVA er, gjennom si eigedoms- og innovasjonsverksemd, staten sitt verkemiddel for tilretteleggjande eigarskap og utvikling av bedrifter og nærings- og kunnskapsmiljø i heile landet. SIVA har eit særleg ansvar for å fremje vekstkrafta i distrikta.

Hovudmål

SIVA skal utløyse lønnsam næringsutvikling i bedrifter og regionale nærings- og kunnskapsmiljø.

Delmål 1

Gjennom investeringar i eigedom skal SIVA senke barrierar for etablering der marknadstilhøva gjer dette spesielt krevjande, også for større industrielle eigedomsprosjekt.

Delmål 2

SIVA sine innovasjonsaktivitetar skal leggje til rette for etablering og utvikling av bedrifter i nærings- og kunnskapsmiljø, og kople desse saman i regionale, nasjonale og internasjonale nettverk.

Dei overordna føringane som er felles for departementa er gjevne i Nærings- og handelsdepartementet sitt oppdragsbrev til SIVA for 2013, og KRD viser til dette. Der er òg ein nærare omtale av det nye mål- og resultatstyringssystemet for selskapet.

Målstrukturen er felles for dei departementa som legg oppdrag til selskapet, og det bør ikkje leggjast oppdrag til Innovasjon Noreg som ikkje fell inn under selskapet sine mål. Nærings- og handelsdepartementet har som eigar, ansvar for at verksemda til selskapet er i tråd med dei måla som er sette.

3 Prioriteringar i oppdraget frå KRD

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla i budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet er ein ekstrainnsats som skal styrkje grunnlaget for busetjing og verdiskaping i område og landsdelar med særlege utfordringar.

Løyvinga til SIVA skal medverke til å styrkje verdiskapinga og utvikle attraktive arbeidsplassar ved å fremje innovasjon, omstilling og nyetableringar. Midlane skal i hovudsak brukast innanfor det distriktspolitiske verkeområdet.

Kvinner, unge (18–35 år) og innvandrarar er framleis prioriterte grupper i distrikts- og regionalpolitikken.

3.1 Nærare om målstrukturen innanfor distrikts- og regionalpolitikken og prioriteringane i 2013

Statsbudsjettet tek utgangspunkt i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken.* Regjeringa vil leggje til rette for at alle skal vere frie til å busetje seg der dei ønskjer. Regjeringa vil også sikre likeverdige levekår og utløyse verdiskapingspotensialet i alle delar av landet. I 2013 legg regjeringa fram ei ny stortingsmelding om distrikts- og regionalpolitikken.

Departementet har sett opp ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla over programkategori 13.50. Målstrukturen skal vere dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke dei økonomiske midlane til, og er grunnlaget for registrerings- og rapporteringssystemet til departementet.

Satsingane under kap. 552 post 72 høyrer inn under hovudmål 1 i denne målstrukturen og fordeler seg vidare på to arbeidsmål, jf. tabell 2.

Tabell 2. Samanhengen mellom arbeidsmål og program under SIVA i 2013.

Arbeidsmål	**Program og satsingar**	**Tildeling i 2013. Mill. kr**
1.1 Styrking av næringsmiljø	Næringshageprogrammet	43,0
	Inkubasjon (FoU, industri, mat- og natur)	35,0
	Regionalisering og nettverk	3,0
1.3 Entreprenørskap	Kvinnovasjon	6,0
Sum		87,0

Med midlar frå 2012-budsjettet har departementet i tillegg bede SIVA om å greie ut vilkåra for å nytte ledig kapasitet ved hotell i distrikta i den kommunale helsetenesta. Dette er eit spesialoppdrag fram til 1. juli 2013.

Nedanfor følgjer ei konkretisering av bruken av midlane på utvalde tema under kvart arbeidsmål. Departementet viser elles til planane for dei einskilde programma når det gjeld mål og forventa resultat av innsatsen. Administrasjons- og gjennomføringskostnader som knyter seg til dei ulike aktivitetane og programma, skal dekkjast innanfor dei gjevne rammene for programma. Desse kostnadene skal gjerast synlege i rapporteringa.

Arbeidsmål 1.1

Næringshageprogrammet: Det er sett av 43 mill. kroner til næringshageprogrammet for 2013. Hovudmålet for det nye programmet skal vere å medverke til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for utvikling av kunnskapsarbeidsplassar i distrikta.

Departementet legg til grunn at programmet blir gjennomført i samsvar med programplanen av 12.12.2011, tilpassa dei årlege økonomiske rammene. Auken i ramma for 2013 vil gjere det mogleg å ta opp nye hagar i programmet.

Handlingsplan for kultur og næring: Departementet har ikkje øyremerkt løyvingar til satsing på kultur og næring i innovasjonsnettverket til SIVA for 2013. Departementet oppmodar likevel SIVA om å halde oppe eit eige engasjement for prosjekt innanfor kultur og næring, bygd på dei ordinære løyvingane til dei aktuelle programma.

Reiselivsnæringa spelar ei viktig rolle i mange distrikt. Departementet vil be SIVA om å ha spesiell merksemd på utvikling av bedrifter i denne næringa i gjennomføringa av næringshage- og inkubatorprogramma, jamfør regjeringa sin reiselivsstrategi frå 2012.

Inkubasjon: Programmet Inkubasjon får tildelt 35 mill. kroner for 2013.

Programmet skal gå over 2 x 5 år frå 2012, med ei evaluering etter dei første fire–fem åra. Evalueringa blir avgjerande for vidareføring og innretting i andre programperiode.

Det tidlegare inkubatorprogrammet for mat- og naturbaserte næringar er frå 2012 lagt inn i inkubasjonssatsinga, men hadde opphavleg ei varigheit ut 2013. SIVA må innan utgangen av første halvår 2013 gjere klårt for oppdragdepartementa om ein ønskjer å vidareføre denne delen av inkubasjonssatsinga.

Midlane frå KRD skal som tidlegare, rettast mot inkubatormiljøa utanfor universitetsstadene. SIVA må føre rekneskap som gjer det mogleg å identifisere kva for type inkubator eller rammeverk ein opererer med på dei ulike stadene, og kor ein har nytta midlar frå dei ulike departementa.

Departementet ber SIVA arbeide aktivt for å sikre at tilbodet av inkubatortenester blir mest mogleg lik i alle delar av landet. SIVA skal leggje særleg vekt på å utvikle inkubatortilbod for idear og bedrifter med vekstpotensial innanfor det distriktspolitiske verkeområdet.

Midlane til inkubasjon kan ikkje nyttast til oppretting av eigenkapitalinstrument i regi av innovasjonsmiljøa.

Regionalisering og nettverk: Til dette arbeidet er det sett av 3 mill. kroner for 2013. Midlane skal gå til dei innovasjonsaktivitetane som SIVA driv i dei einskilde regionane, til

samhandling mellom ulike innovasjonsselskap og til SIVA i rolla som pådrivar i regional og nasjonal verdiskaping.

Arbeidsmål 1.3
Kvinnovasjon: SIVA får i 2013 tildelt 6 mill. kroner til arbeidet med å styrkje entreprenørskap blant kvinner.

Etter planen er 2013 siste året med ei øyremerkt løyving til ei eigen satsing på entreprenørskap blant kvinner i SIVA-regi. Den delen av dei næringsretta midlane som har gått til kvinner, har endra haldningar og skapt nytt medvit om ulike verkemiddel i arbeidet med entreprenørskap blant kvinner. Departementet går difor inn for at dei tiltaka som er særskilt retta mot kvinner, heretter i større grad inngår i den ordinære programverksemda til SIVA.

Departementet viser elles til SIVA sine eigne måltal for delen kvinner under dei enkelte programma og ber SIVA arbeide vidare for å auke prosentdelen av kvinner i styret og leiinga for verksemder som får støtte.

Departementet ber om at SIVA held fram med å rapportere på utviklinga i prosentdelen kvinner i programma etter tidlegare definisjonar.

4 Administrative føringar

4.1 Departementsspesifikke administrative føringar frå KRD

Overføring av midlar: Utbetaling av midlane vil skje med like beløp i tre omgangar, i februar, juni og oktober 2013.

Statistikkrapportering: Rapporteringsskjema og rettleiar for statistikkrapporteringa er lagt ved som vedlegg 3.

Kommunikasjon og informasjon: SIVA skal aktivt synleggjere resultat som er oppnådde som følgje av innsatsen på departementet sitt politikkområde, både overfor eksterne målgrupper og overfor departementet. SIVA skal orientere departementet i god tid før ein offentleggjer viktige utgreiingar som er gjennomførte, eller rapportar som er bestilte for midlar frå KRD. I tråd med dei avtalte rutinane skal SIVA varsle departementet om saker som kan bli store i media, både kontroversielle saker og saker som elles kan skape stor offentleg merksemd. Departementet forventar at SIVA kjem med framlegg til moglege profileringar, og at SIVA tek kontakt med departementet for å få avklara om departementet skal vere med på synleggjeringa av resultat og einskildsaker.

4.2 Felles administrative føringar frå departementa

Felles rapporteringskalender for 2013 følgjer som vedlegg til Nærings- og handelsdepartementet sitt oppdragsbrev.

KRD viser elles til punkt 4 *Administrative fellesføringer* i Nærings- og handelsdepartementet sitt oppdragsbrev til SIVA for 2013 med omsyn til felles føresetnader og krav, styringsdialog, rapportering og evaluering. Desse føringane gjeld for alle departementa som gjev oppdrag til SIVA.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Vedlegg

1. Retningslinjer for kap. 552 post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling
2. Rammefordeling av programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk
3. Krav, rapporteringsskjema og veileder til statistikkrapporteringen for virkemidlene fra KRD

Kopi til:
Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling
Fylkeskommunane og Oslo kommune
Innovasjon Noreg, hovudkontoret
Noregs forskingsråd
Nærings- og handelsdepartementet
Plan- og administrasjonsavdelinga i KRD
Riksrevisjonen